



# LYNGMO

# GLYTTEN

JANUAR 2020



**INSPIRASJONSHELG FOR  
KVINNER, 10 ÅR**

**BARNAS SONGLEIR**

**NY TILSETT PÅ KJØKKENET**



Indremisjonsforbundet



NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND

Bilde: Unsplash

# Helsing frå Lyngmo

Alle treng luft! Og helst har me lyst på rein, temperert luft som gjer oss god trivsel og komfort! Men, luft kostar - også i ei flott Hafslo-bygd i det friske og gode Distrikts-Norge! Lyngmo har store kostnader til straum og ein av dei største straumforbrukarane me har her er eit gammalt ventilasjonsanlegg i hovudbygget. Etter å ha rekna litt på det ser me at 1 / 3 av all straum på Lyngmo går direkte til dette luftanlegget. Då vert det forståeleg at det går mykje pengar til luft! I tillegg til å vera ein straumsluk har anlegget byrja å fungere dårleg og er vanskeleg å styre. Dermed står ei større oppgradering for tur. Det vil seie at heile ventilasjonsaggregatet frå 1989 må skiftast ut. Kostnaden for Lyngmo er 375.000,- kroner inkl mva. Me vil bruke nokre reserve-midlar til å dekke inn dette, men me håpar at de som er glade i Lyngmo vil vere med og gje eit bidrag for å hjelpe oss eit stykke på veg! Det er planlagt utføring av dette i løpet av våren 2020! Kor mykje klarar me å samle inn før 1. mai til nytt ventilasjonsanlegg?

Bruk gjerne vedlagte gåvebrev, Vipps nr 119360 eller bruk betalingsløyising frå heimesida til Lyngmo

<https://www.lyngmo.info.com/sttt-lyngmo>  
dersom du har lyst til å støtte prosjektet!

... Lufta har mange fleire funksjonar. Blant anna så går lyd-bølgene gjennom lufta. I matsalen vår har me hatt utfordring med for mykje romklang. Like før jul vart det gjort ei utbetring av taket i matsalen når me monterte nye lyd-absorberande plater. Me trur at gjestene på Lyngmo vil oppleve at det vert

mindre støy og enklare å prate i matsalen enn det har vore!

## Leirar

I løpet av 2019 var det 458 deltakarar på Lyngmo på barne- og ungdomsleirane våre. Det er ein liten auke på 21 deltakarar (+5 %) frå 437 i 2018. Me håpar alltid på fulle leirar, men som regel har me plass til fleire deltakarar. Dersom me reknar med dei store familie-leirane og Bibelcamping ser me at me kan doble antallet born som er på leir i løpet av eit år til 8-900 born. Leirarbeidet skal vera hovudfokuset vårt og me bruker mykje ressurser frå tilsette på å marknadsføre, planlegge og delta på leirane våre. Heile utgangspunktet for at Lyngmo vart starta i 1965 var at born og unge skulle få ein stad der ein kunne fortelje om at Jesus er

1: Verda sin frelsar

2: Kvant menneske sin personlege frelsar



*Bibelen - Guds ord er like aktuelt i 2020!  
Bilde: Unsplash*

Me trur at budskapet om Jesus er like aktuell i dag og me ønsker å dele dette vidare til nye generasjonar med stor glede og frimod!

Bibelen er like aktuell i dag som for 2000 år sidan!

### Styrearbeid

Styret har stort fokus på at økonomien til Lyngmo skal vere stabil og ei av styret sine målsetjingar i 2019 var å betale ned ekstra på lånet. Me hadde ein del reservar på konto og i tillegg sparte me opp ein del slik at me kunne betale ned 1 mill ekstra på lånet i fjor. Det betyr at me har ca. 9 millionar i lån ved nyttår. I tillegg til dette jobbar styret aktivt saman med dagleg leiar om fleire deler av drifta. På saklista er me blant anna inkom leirar og andre arrangement, personal, bygningar og vedlikehald, økonomi og administrasjon.

### Støtte

Takk til alle som støttar opp om arbeidet på leirstaden vår i form av gaver, leirleiarar og dugnad! Ein ekstra takk til dykk som ber for arbeidet på leirplassen vår!

Helsing Kjetil



## Crossroad 2020

14.- 17. FEBRUAR  
8. KL - 3. VGS

# Ein ny start

Me skriv 2020 og januar månad. Den store tida for å setje mål for året. I år skal eg... til sommaren skal eg... nyårsforsett! Me lagar planar og mål for det neste året.

Det er ein fin ting tenkjer eg; å lage seg mål. For mange so vil overgangen til eit nytt år, for ikkje å snakke om overgangen til eit nytt tiår, vere ein ny start for mange!

Herren seier i Openberringa 21,5 «Sjå, eg gjer alle ting nye!» Når me snakkar om nyårsforsett og nye mål handlar det ofte om å bli betre i eit eller anna, å bli betre for vår eigen del. Og å gjere ein heil masse, men Gud har allereie gjort alle ting nye for oss.

Når Herren snakkar om ein ny start og at han gjer alle ting nye- so er det ikkje først og fremst for sin eigen del. Nei, det er for alle andre. At alle som tek imot Jesus som Herre får ein ny start i Guds auge! Me blir kledde i kvite klede og kan ta til på eit nytt liv saman med Gud, Jesus og Den Heilage Ande!

Paulus skriv i 2.Korintarbrev 5,17: «Nei, om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til!»

So lat oss då gå inn i det nye året med ein ny start *saman* med Jesus og lytte til det som står i fortsetjinga av Openberringa 21,5: «Han som sit på trona, sa: Sjå, eg gjer alle ting nye! Og han sa: Skriv det opp! For desse orda er pålitelege og sanne. Så sa han til meg: Det har hendt! Eg er Alfa og Omega, opphavet og enden. Eg vil gje den tørste å drikka av kjelda med livsens vatn som gåve. Den som sigrar, skal arva dette, og *eg vil vera hans Gud, og han skal vera min son.*»

Gå med Gud, tjen Herren med glede!

Av Sondre Johannes Orrestad (Sondre er Krinssekretær i Sogn og Fjordane Indremisjon)



# Ny tilsett på kjøkkenet

I januar fekk me ei ny sprudlande dame på kjøkkenet på Lyngmo. Rebeca Nornes har byrja i 40 % stilling på kjøkkenet vårt. Ho kjem opprinneleg frå Romania, men bur på Nornes med mann og 4 barn, der dei blant anna driv ein gard med bær. Rebeca er godt i gang med opplæringa og me er svært glade for å få ho med i staben vår!

Samstundes ønsker me å takke Anne Grethe Drevdal Tverberg for all god jobb ho har gjort på Lyngmo! Frå 1. februar er ho ferdig i jobben her. Då utvidar ho jobben sin på Gaupnetunet og får slik sett moglegheit til å fokusere på 1 arbeidsgjevar. Me ønsker Anne Grethe alt godt og Guds velsignelse vidare!



*Rebeca Nornes er tilsett på Lyngmo frå januar 2020. Her traktar ho kaffi på den heilt nye kaffitraktaren til Lyngmo!*

## Loppemarknaden 2019

For mange kan loppemarknad bli ein plass der ein kjenner at pulsen stig når ein nærmar seg Lyngmobygget, og skylappane kjem på i det ein går inn dørene. For andre er det eit høgdepunkt der dei finn mykje fint til ein rimeleg penge og ein kosar seg. Uansett korleis ein kjenner seg når ein går inn døra, sit me på Lyngmo igjen med ei oppleving av at dei som kjem innom er fornøgde og glade med kuppene sine. I løpet av loppemarknaden kjem det fleire som ikkje brukar å vere innom på Lyngmo elles, noko me synes er veldig stas!

Neste loppemarknad er 25. - 26. september.

Tusen takk til alle som har gitt, bidratt og kjøpt, for dei 115 000,- som kom inn!





**GÅVEAKSJON  
TIL NYTT  
VENTILASJONSANLEGG**

**GÅVEBREV -  
RIV UT MIDTSIDA**



# **Gåveaksjon**

**Ventilasjonsanlegget  
til hovudbygget må  
skiftast ut i løpet av  
våren 2020.**

**Kostnad: 375.000,-**



# Gje di gåve i dag!



**Gåvekonto: 3000.32.79177**



**vipps**

**Vippsnummer: 119360**



**Gje di gåve med bankkort :  
[www.lyngmoinfo.com/sttt-lyngmo](http://www.lyngmoinfo.com/sttt-lyngmo)**



**GÅVEAKSJON  
TIL NYTT  
VENTILASJONSANLEGG**

**GÅVEBREV -  
RIV UT MIDTSIDA**



# Inspirasjonshelg for Kvinner, 10 år

Tanken bak Inspirasjonhelga begynte då eg var i Burma og det kom det eit team frå USA som arrangerte damehelg for oss. Då tenkte eg at dette måtte vore supert å gjere i Sogndal. Så når eg kom att frå Burma forhøyerte eg meg litt med ulike folk, deriblandt Kjetil på Lyngmo som var veldig positiv til å prøve dette. Visjonen var at damer i alle aldrar kunne saman få ei helg, litt vekke frå "kvardagen" med påfyll og fellesskap. Det var mange damer hovudsakeleg frå Sogn i starten, men det har på nokre av helgene vore damer frå ulike delar av landet også. Me var så heldige å få kontakt med eit lovsangsteam i Pioner/UIO som har vore med oss alle gongene, medan talarane har stort sett variert frå år til år. Me har vore inno m mange ulike aktivitetar alt frå massasje, neglebehandling, ansiktsbehandling, hobbyaktivitetar, strikking, maling, felles tur, seminar om fotpleie og sminke. Dei siste åra har det vore meir interesse for å ha samtalegrupper og meir



"fritid" der ein god gjeng sit med strikkesetøy i stova, og nokre går tur eller slappar av.

Eit av høgdepunkta er søndagsmøtet, der det er kø i "vitnekøen". Damene fortel frimodig kva dei har opplevd med Gud denne helga. Det er fantastisk inspirerande og trusstyrkande, før me "sender kvarandre ut" til heim-plassane våre etterpå.



Målet for damehelga har alltid vore, og er framover, å få vere ein møteplass mellom himmel og jord, der me kan få bli utfordra, inspirert, fylt opp og sendt ut i kvardagen vår. Draumen vår er at denne helga skal vere med å knyte oss saman i Indre Sogn, for det er ikkje så mange kristne ein møter i kvardagen. Då veit me om kvarandre og kan støtte og be for kvarandre.

Helsing Silje Husum, på vegne av leiargjengen.

# Songleiren

Songleiren på Lyngmo er ein litt annleis leir. Hovudvekta er song, slik at bibeltimar og misjonssamlinga er bytta ut med songøving. Heile leiren vert avslutta med sjølvle høgdepunktet for leiren, nemleg konsert!

**Kva er det med songleiren som gjer at dykk likar å vere med?**

Me har stor tru på song og musikk som formidling av Guds ord til barn. I tillegg er heile familien glad i song og musikk, derfor kosar me oss med å vere med på denne leiren.

**Har dykk eit minne frå årets songleir?**

Det var rørende å sjå ein flokk med barn stå å synga for full hals "Gi meg Jesus, bare Jesus". Det er jo nettopp det me så gjerne vil, gi Jesus til barna.

Helsing Fam. Skagen



## Leirtravar



**Navn:** Daniel Stautland frå Sogndal (Kjørnes) og Henning Skagen frå Ornes

**Har de vore mange ganger på leir?**

Maaaange ganger, seier dei i kor.

**Har de lært noko på leir?**

At Jesus er verdens frelsar og at han er glad i alle uansett

**Kva er kjekt med å vere på leir?**

Få nye venner, padle kano, syngje, kiosk. Kjøkkaste aktivitet: padle kano.

Det er alltid gøy å vere på leir seier gutane.

# Kva skjer?

## FEBRUAR 2020

- 6. Småbarnstreff
- 13. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 14.- 17. Crossroad
- 20.-23. leir for 4-7 klasse
- 27. Knøttekor og Torsdagsklubb

## MARS 2020

- 5. Småbarnstreff
- 12. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 19. Småbarnstreff
- 20.-22. Leir for 2-4 klasse
- 26. knøttekor og Torsdagsklubb
- 27. Vårbasar
- 28. Årsmøte Israelsmisjonen
- 29. Barnas supersøndag

## APRIL 2020

- 2. Småbarnstreff
- 3.-6. Familieleir
- 8.-12. Påskeleir
- 16. Småbarnstreff
- 23. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 24.-26. Ordet og Israel
- 30. Småbarnstreff

## MAI 2020

- 7. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 14. Småbarnstreff
- 16. Ungdomsarrangement

## Mitt bibelvers

Jesus svara: «Det eg gjer, forstår du ikkje no, men du skal skjønna det sidan.»

Johannes 13, 7  
Ranya Gundersen, 17 år



## Palmehelga: 3. - 6. april 2020!



## Familieleir på Lyngmo Palmehelga 2020

### Selskap, konfirmasjon eller minnestund?

På Lyngmo:

- Er staden for å samle familien.
- God mat som folk flest likar
- Er det kjekt for borna: Gymsal og eige aktivitetsrom!

\*Me tilbyr også catering med kaldtbord, middag eller snittar!

\*Ta kontakt for informasjon / tilbod!

# "NORGE P.P."

Returadresse:  
Lyngmo Ungdomssenter  
Lyngmo 21  
6869 Hafslo  
Telefon: 57684366

E-post:  
lyngmo@lyngmoinfo.com  
Heimeside:  
www.lyngmoinfo.com  
Gåvekonto: 3000.32.79177

GDPR: LyngmoGlytten vert sendt til personar som har vore på leir eller som på anna måte har bedt om å få tilsendt bladet. Ta kontakt dersom du ikkje ønskjer å få det tilsendt lenger!

## Leirane

2.- 4. klasseleir	20.- 22. mars	695,-
4.- 7. klasseleir	20.- 23. februar	860,-
Crossroad (8. kl- 3. vgs)	14.-17 februar	1000,-

Det blir gitt 25% søskenmoderasjon frå og med søsken nr. 2.

Bruk påmeldingsskjemaet på heimesida for påmelding.

Informasjon:

<https://www.lyngmoinfo.com/leir/>

*«Alle med»: For enkelte familiar vert det for stor kostnad å reise på leir. Dersom dette gjeld dykkar familie kan de ta kontakt på e-post (lyngmo@lyngmoinfo.com) Då prøver me å leggje til rette for alternative støtteordningar.*

Me ønsker å

- ⇒ Sjå og møte den enkelte deltakar
- ⇒ Servere god mat
- ⇒ Lage attraktive aktivitetar ute og inne
- ⇒ Snakke om den kristne trua på ein spanande og interessant måte

Me stiller krav til at

- ⇒ Leiarane som er med på leir skal leggje fram politiattest

